

Kapittel 7

Fridom og demokrati

7.80. Tap av fridom

Atomkraft røvar fridomen vår og minskar grunnrettane våre. Når demonstrasjonane mot Castor-transportane trugar, innskrenkar øvrigheita med ein gong forsamlingsfridomen i område kvadratkilometervis langs ruta og løyser opp fredlege demonstrasjonar med politivold. Sperring av gater regulerer heile regionar. I timevis blir menneske fasthaldne ute i minusgrader, for ein del utan toalett. I årevis handsama vaktene atommotstandarane som om dei var terroristar, avlytta telefonane deira og gjennomsøkte husa deira. Politiet sperra tusenvis av demonstrantar inne i celler, kasernar, garasjar, turnhallar eller metallbur, ofte i dagevis og illegalt, utan rettsleg prøving. Kven sin rett blir her sett opp mot våre grunnrettar?

7.81. Rett til liv

Atomkraft skadar grunnretten til liv. Atomkraftverk truar vår rett til liv og kroppsleg styrke. Forfatningsretten i Tyskland har i sin "Kalkar-dom" av den grunn kopla drift av atomkraftverk til eit "dynamisk grunnrettsvern". Etter den må alle tryggleiksordninga stemme overeins med den aktuelle tilstanden i vitskap og teknikk. For det andre må reaktorane sirkast mot alle farar ein kan tenkje seg. Likevel har ikkje ein einaste oppsynsvaktar stemt imot eit driftsløyve for eit atomkraftverk.

7.82. Politivold

For å stanse protestene mot atomkraft, grip staten til vold. Den som mangler gode argument har bare vold å ty til. Politiet har maltraktiert og såra ti tusenvis av borgara med stokkar, slag, vasslangar, pepar sprej og gassgranatar. Dødsfall har skjedd. Kva hadde dei gjort? Dei hadde demonstrert mot atomkraft.

* *I dag skjer det voldelege samanstøyt mellom politi og antiatom demonstrantar ved landsbyen Bure i Nord-Frankrike. Der er det planlagt eit stort djupgeologisk deponi for brukt kjernebrensle. Kjelde: sortirdunucleaire.org*

7.83. 50 år med strid og krangel

Sidan Tyskland tok til å bygge atomreaktorar i 1950-åra har det vore omstridt. For atomkraft er livsfarleg. Dette har ikkje endra seg opp til i dag. Av den grunn kan den endelege løysinga på denne konflikten berre vere slutten på atomkraft. Straumselskapa stemde 15. juni 2000 for "atomkonsensusen" om skrittvis utstiging av atomstraumproduksjonen og stadfesta det med underskrifta si. Når EnBW, E.ON, RWE og Vattenfall no med allslags triks og initiativ prøver å drive atomkraftverka sine lenger enn det som var avtala, så bryt dei med det avtala.

7.84. Konsernpolitikk

Innverknaden på politikken frå energikonserna er alt for stor. Det er neppe noko anna område der industri og politikk er så tett og gjensidig knytte saman som i energisektoren. Mange med spisskompetanse arbeider først politisk i samarbeid med konserna, og så får dei lukrative postar der. Wolfgang Clement, Walter Hohlefelder osv. Også parlamentarikarar finn seg inntekter i energikonserna eller datterselskapa deira. Makta til konserna skadar demokratiet.

7.85. Fordumming av folk

Eventyret: "Utan atom går lyset av" har straumkonserna fortalt i 30 år. "Sol, vatn og vind kan heller ikkje på lang sikt dekke meir enn fire prosent av straumbehovet". Det forkynnte dei tyske straumkonserna i landsdekkande aviser i 1993. Realiteten ser slik ut: I året 2008 kom 15 prosent av straumen ein brukte i Tyskland frå fornybar energi. I året 2020 kan det vere 50 prosent. Ved midten av dette hundreåret kan

100 prosent av straumforsyninga komme frå fornybar energi. Likevel fortel straumkonserna, som kjempar for lenger levetid for atomkraftverka sine, enno i dag eventyret om truande "dagelange straumstans".

7.86. Uønska

Ingen vil bu like ved eit atomkraftverk. Trur ein det som står i det Tyske Atomforum, så er atomkraft snart igjen godteke. Ærlegare og sannare er sannsynlegvis svara som forskingsinstituttet Emnid fekk på ei granskning i 2008. Meir enn to tredjedelar av dei spurde tek avstand frå bygging av eit atomkraftverk på deira bustad, sjølv om dei får løfte om gratis straum resten av livet.

7.87. Etikk

Å nytte atomkraft er uetisk. Atomkraftverk blir nytta av nokre få menneske i få år men dei gir veldig mange menneske store risikoar for liv og helse. Dei let etter seg avfall som må lagrast i hundretusenvis av år.